

Detaljreguleringsplan for Via Ferrata Hornelen

PlanID: 1438.2016.01

Bremanger kommune

Datert: 28.02.2018.

Endringer:	Saknr.	Dato:	Sign:
Rev. etter offentlig ettersyn	KST-045/18	20.02.2019	jbs
Forslag til endring		13.02.2025	jbs

Sakshandsaming/ vedtak:	Sak nr.	Dato
Kunngjøring planoppstart		18.11.2016 - 12.12.2016
Det faste utval for plansaker:	FSK-019/18	22.03.18.
Offentlig ettersyn		13.04.2018 - 25.05.2018
Det faste utval for plansaker:		
Kommunestyret:		

Forslag til endringer i føresegn er vist med gul markering og raud tekst.

§ 1 GENERELT

- 1.1 Det regulerte området er på plankartet vist med plangrense.
- 1.2 Planområdet er inndelt i område med følgende føremål (Jfr. Plan- og bygningslova):

Bygninger og anlegg

Fritids- og turistformål, BFT (1170)
Anna idrettsanlegg, AI (1490)
Grav- og urnelund; BGU (1700)
Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål, BAA (1900)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg, SKV (2011)
Fortau, SF (2012)
Anna veggrunn, grøntareal SVG (2019)
Parkeringsplass, SPP (2082)

Grønstruktur

Turveg, GT (3031)

Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift

LNFR areal for naudsynt tiltak for landbruk, LNFR (5100)
LNFR formål kombinert med andre angitte hovedformål, F/LNF, **FVFLNF** (5900)

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Bruk og vern av sjø og vassdrag, BSV (6001)

Omsynssoner

Sikringsone - Frisikt, H140
Faresone – Rasfare H310
Faresone – Flaumfare H320
Bevaring – kulturmiljø H570
Bandlegging etter lov om kulturminne – H730

- 1.3 Det er ikkje tillat å inngå privatrettslege avtaler i strid med planen og føresegnene.

- 1.4 Varslingsplikt ved funn av automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

FELLES FØRESEGNER

2.1 Universell utforming

- 2.1.1 Samferdsleanlegg og byggeområder skal vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein mest mogeleg likestilt måte.

2.2 Landskapstilpassing og estetisk kvalitet

- 2.2.1 Alle tiltak innfor planområdet skal gjennomførast med god estetisk og arkitektonisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for naturgjevne omgjevnader. Materialval og farge på bygg og installasjonar skal ha ein samanhengande likskap, og gje området eit heilskapleg og tiltalende uttrykk.
- 2.2.2 Det skal leggjast vekt på skånsam terrenghandsaming innanfor planområdet. Terrenginngrep i samband med utbygging skal skje mest mogleg skånsamt. Alle synlege fyllingar og fyllingskantar skal i hovudsak murast med naturstein eller tilsåast. Ved tilplanting av skråningar og liknande skal det leggjast vekt på å nytte stadeigne artar.
- 2.2.3 Terrenginngrep i samband med veganlegg skal skje mest mogleg skånsamt. Skjering/fylling for veg kan førast på tilstøytande areal i den grad det er naudsynt. Alle synlege fyllingar og fyllingskantar skal anten murast med stein eller jordslåast.
- 2.2.4 Kabel og leidningstrasear som ikkje kan leggjast i vegareal skal leggjast så skånsamt i terrenget som mogleg. Eventuelle linjer skal etablerast på mest skånsam måte.

2.3 Krav til søknad om tiltak

- 2.3.1 I samband med byggjemelding skal det leggjast fram situasjonsplan i målestokk 1:1000 (evnt.1:500) som, i tillegg til bygningar med påførte kotehøgder, viser korleis den ubebygde delen av tomta skal planerast, tilplantast og utnyttast. På kartet skal det visast eventuelle forstøtningsmurar, gjerder, areal for bilparkering, grøntanlegg og liknande. Terrengsnitt med påførte kotehøgder skal syne eksisterande og nytt terreng.
- 2.3.2 Ved byggesøknad for bygnad og anlegg skal det utarbeidast teikningar og perspektiv som viser korleis bygg og anlegg tilpassar seg området. Situasjonsplanen skal vise terreng, tilkomst, parkering og bruk av uteareal, og skal vere høgdesett. Fargebruk på bygg og anlegg skal dokumenterast i byggesøknad, sameeins utforming og oppsetjing av skilt.
- 2.3.3 Ved byggesøknad for samferdsle- og infrastrukturtiltak, skal anlegga detaljprosjekterast med utgangspunkt i Handbok N100. For veganlegg, skal det leggjast fram teikningar som viser plan, lengdeprofil, tverrprofil og normalprofil. Handtering av overvatn skal inngå i detaljprosjekteringa av vegane, og det skal i prosjekteringa takast høgde for framtidig auke i nedbør. Vurdering av naudsynte sikringstiltak skal inngå i prosjekteringa. Det er høve til justeringar mellom dei ulike trafikkformål gjennom detaljvklaringar i prosjekteringa dersom dei ikkje er i konflikt med freda kulturminne med tilhøyrande sikringssoner i området.
- 2.3.4 Ved søknad om tiltak for bygging må det liggje føre planar for vatn og avlaup (VA) som må godkjennast av teknisk avdeling ved Bremanger Kommune før det kan gjevast byggeløyve.
- 2.3.5 Det skal utarbeidast eigen plan for handtering av overvatn ved detaljprosjektering av bygg innanfor område, og leggjast fram ved byggesøknad. Det skal då takast høgde for auka mengd overvatn, på bakgrunn av forventa auke i nedbør i framtida.
- 2.3.6 Det skal utarbeidast eigen driftsplan for vedlikehald og HMS av Via Ferrata anlegget (VF-anlegget), som føreset kontinuerleg/årleg vurdering av naturgitte forhold og VF-anlegget. Det skal framgå i Driftsplanen kven som utfører og er ansvarleg for dei ulike tiltak og vurderingar som skal utførast. I driftsplan skal det framgå plan for handtering/fjerning av alle anleggsdelar etter at VF-anlegg/delar av anlegg, er gått ut av bruk. Driftsplan skal framleggast ved søknad om tiltak/etablering av VF- anlegget. Plan for skilting med informasjon av omsyn til beredskap skal framleggast ved søknad om tiltak/etablering av VF-anlegg.

- 2.4 Byggegrense**
2.4.1 Bygningar skal oppførast innanfor vist byggegrense på plankartet. Dersom særskild byggegrense ikkje er vist eller nemnd i føresegnene, gjeld avstandsreglane etter PBL.
- 2.5. Skilting**
2.5.1 Oppføring av informasjonsskilt/informasjonstavler i området skal gjerast ut i frå ein heilskapleg plan. Skilta/tavlene skal ha estetisk god utforming og være tilpassa omgjevnadane dei skal plasserast i.
- 2.6 Avfallshandtering**
2.6.1 Det skal etablerast oppstillingsplassar for avfallsbeholdarar innanfor område avsett til utbyggingsformål, SPP, BAA eller BFT.
- 2.7. Sikring**
2.7.1 Alle høge skjeringar/fyllingar i byggeområde som kan vere til fare for menneskjer eller dyr som kan ferdast i området, skal av utbyggar sikrast med nødvendige rekkverk eller sikringsgjerde.
- 2.8 Støykrav**
2.8.1 Grenseverdiar for støy skal overhaldast ved nye tiltak i område for bustadar. Krav i retningslinjer T-1442 skal leggjast til grunn. Med veg som støykjelde skal følgjande verdiar stettast: 55 dB L_{den} på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og 70 dB L_{5af} utanfor soverom natt kl. 23-07.
- 2.9 Omsyn til gravplass**
2.9.1 Det skal leggjast til rette for skjermingstiltak for gravplassen, mot parkeringsplass og byggeområde BFT. Ved etablering av vegetasjonsskjerm skal det nyttast stadeigen vegetasjon slik som rogn eller bjørk.
- 2.10 Parkering**
2.10.1 Det kan etablerast parkering innanfor SPP og/eller BAA. Det skal sikrast tilstrekkeleg med parkeringsplassar innanfor SSP til brukarane av BGU.
- 2.11 Fylling, flytting av masser og tilsåing**
2.11.1 Massar med fare for innhald av svartelista artar skal ikkje nyttast innanfor området, for å hindre spreiring av framande artar. Ved tilsåing skal det nyttast stadeigne artar.
- 2.12 Klimabelastning**
2.12.1 Nye bygg skal dimensjonerast slik at dei kan stå i mot forventa framtidig auke i belastningar som følgje av vind og slagregn.
- 2.13 Krav til utbyggingsrekkjefølgje**
2.13.1 Eksisterande sti GT2 skal i hovudsak leggjast om slik som vist på plankart og jfr. pkt. 5.1, før nye tiltak i planområdet. Det er høve til mindre justeringar av regulert trase for sti dersom endring ikkje vil være i konflikt med areal avsett til bevaring av kulturminne, område H730_). Detaljplan for opparbeiding av sti skal leggjast fram for plan- og bygningsmynde for uttale før arbeid kan påbegynnast.
2.13.2 Laus blokk i område sør for planområde, skal fjernast jfr. Notat datert 29.03.2017, SGC.
2.13.3 I arbeid med etablering av VF innanfor **F/VF/LNF AI** skal det utførast reinsking av lause blokker jfr. pkt. 6.3.2.
2.13.4 Det skal utarbeidast eigen driftsplan for vedlikehald og HMS av Via Ferrata anlegget (VF-anlegget), som føreset kontinuerleg/årleg vurdering av naturgitte forhold og VF-anlegget. Det skal framgå i Driftsplanen kven som utfører og er ansvarleg for dei ulike tiltak og vurderingar som skal utførast. Driftsplan skal framleggast ved søknad om tiltak/etablering av VF-anlegget. Det skal vere ferdigstilt skilting med informasjon jft. 2.5 av omsyn til beredskap, før VF-anlegget kan takast i bruk.

- 2.13.5 Utbetring av vegtilkomst i regulert køyreveg KV1, -2 og -3 med frisiktsone, skal opparbeidast samstundes med byggetiltak innanfor BBA og/eller BFT, og skal vere ferdigstilt før det vert gjeve bruksløyve i BBA og/eller BFT.
- 2.13.6 Parkeringsareal i SPP og skjerming mot kyrkjegard skal opparbeidast i samsvar med krav i pkt 2.9, 2.10 og 4.5, og skal vere ferdigstilt før det vert gjeve bruksløyve for SPP.
- 2.13.7 Dersom det skal oppførast bygg med opphald til fleire enn 25 personar, må det gjerast sikringstiltak tilsvarande krav for tryggleiksklasse S3. Tryggingstiltak skal vere prosjektert av fagkunnige, og vere ferdigstilt før det vert gitt bruksløyve for bygget.

§ 3 BYGG OG ANLEGG

3.1 Fritids og turistføremål, BFT

- 3.1.1 I område BFT kan det oppførast servicebygg for friluftsområdet. Bygget skal ha god arkitektonisk utforming og kan i tillegg til servicebygg-funksjonar og innehalde rom for lagring og opphald. Bygget kan og ha overbygd areal med sitteplassar. Gesimshøgde er satt til 7 m over gjennomsnittleg planert terreng.

3.2 Anna idrettsanlegg, AI (Svart tekst i føresegn er flytta frå punkt 6.3.2)

- 3.2.1 I område kan det tilretteleggast for etablering av Via Ferrata anlegg med tilhøyrande anlegg knytt til drifta.
- 3.2.2 VF-anlegg skal utformast med omsyn til området som naturområde. Bruk av trapper og bruer bør kun nyttast der dette er naudsynt. For etablering av VF-anlegg må det sikrast mot skredfare, slik at område for VF tilfredsstiller krav til tryggleiksklasse S1. I arbeid med etablering av VF-anlegg skal det utførast reinsking av lause blokker, samt vurderast evt. behov for fjellsikring jft. utarbeidd Rapport og Notat frå SCS, datert 2016, 2017 og 2018, rapport frå Vertikal Service, datert 2016. Tryggingstiltak skal vurderast og utførast av fagkunnige. Ved behov for fjellsikringstiltak skal dette og prosjekterast av fagkunnige.
- 3.2.3 Via Ferrata kan etablerast som eit lukka anlegg. Installasjonar som er vurdert å vere tilstrekkeleg trygge for allmenta skal vere fritt tilgjengelege.
- 3.2.4 Det skal ikkje etablerast installasjonar som er til hinder for allmenn ferdsel på turstiane og fjellplatået på Hornelen. Turstiar skal vere opne for allmenta.
- 3.2.5 Bygg/installasjon knytt til VF-anlegget skal tilpassast terreng og landskap i material- og fargebruk, og planane skal leggjast fram for kommunen.

3.3 Grav- og urnelund, BGU

- 3.3.1 Området BGU er eksisterande kyrkjegard med gravkapell på Hornskor.

3.4 Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitt hovudformål, BAA

- 3.4.1 Område BAA er avsett til parkeringsplass og driftsbygg.
- 3.4.2 Innanfor området kan det oppførast servicebygg for friluftsområdet. Bygget skal ha god arkitektonisk utforming og kan i tillegg til servicebygg-funksjonar og innehalde rom for lagring og opphald. Bygget kan ha overbygd areal med sitteplassar. Gesimshøgde er satt til 7m over gjennomsnittleg planert terreng.
- 3.4.3 Det kan opparbeidast parkeringsplass med oppstillingsplass til buss innanfor området. Området skal detaljprosjekterast før utbygging, der utforming skal vere med utgangspunkt i handbok N100, kap. E6. Snuplass for buss og avklaring av gangsoner inne på området skal inngå i prosjekteringa.
- 3.4.4 Det kan oppførast informasjonsskilt for området. Skiltet skal plasserast slik at det ikkje er til hinder for trafikk, sikt eller parkering.
- 3.4.5 Det kan etablerast trafo innanfor området.

§ 4 SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Ved byggesøknad skal veg detaljprosjekterast. Innanfor planområdet er det høve til justeringar mellom dei ulike trafikkformål, dersom ein gjennom detaljvklaringar i prosjekteringa finn løysingar som gir mindre inngrep, mindre arealbehov eller betre trafikkale løysingar. Vurdering av naudsynte sikringstiltak skal inngå i prosjekteringa.

4.2 Køyreveg, SKV

4.2.1 Areal til køyreveg omfattar både køyrebane og skulder.

4.2.2 o_KV1 er eksisterande kommunal tilkomstveg til Klubben og Hornskor. Vegen kan opparbeidast i samsvar med plankart, og med krav jfr. 2.3.3 og 4.1.

4.2.3 o_KV2 og o_KV3 er eksisterande tilkomstveg til Hornskor. Vegen kan opparbeidast i samsvar plankart, og med krav jfr. 2.3.3.

4.2.4 Ved avkøyrsalar og kryss skal det takast omsyn til fri sikt ved utforming av areala.

4.3 Fortau, SF

4.3.1 o_SF1 og o_SF2 er offentleg fortau.

Fortau skal utformast som vist på plankart, med 2 meters breidd inkl. skulder. Fortau skal ha fast dekke, og ha avvisande kantstein mot køyrebane.

Det kan etablerast teknisk anlegg (VA, EL, fiber m.m.) i grunnen.

4.4 Anna veggrunn grøntareal, SVG

4.4.1 SVG omfattar areal tilhøyrande veganlegg for, grøfter, skråningar, fjellskjeringar, mur, gatelyst, rekkverk osv. Gatelyst kan settast opp inntil 0 meter frå formålsgrænse/eigedomsgrænse. Innanfor området kan det og leggjast teknisk anlegg. Skråningsarealet skal dekkast med jord etter inngrep, tilsåast og gjevast eit grønt preg. Murar skal som hovudregel byggast i naturstein. Der det ikkje er plass til etablering av natursteinsmur, kan mur byggast i betong. Det kan etablerast tilkomst igjennom område SVG.

4.5 Parkeringsplass, SPP

4.5.1 Parkeringsplass o_SPP er offentleg parkeringsplass for område BGU, BFT og friluftsområda.

4.5.2 Det skal sikrast tilstrekkeleg med parkeringsplassar innanfor SPP til brukarane av BGU.

4.5.3 Det kan opparbeidast oppstillingsplass til buss innanfor området. Området skal detaljprosjekterast før utbygging, der utforming skal vere med utgangspunkt i handbok N100, kap. E6. Snuplass for buss og avklaring av gangsoner inne på området skal inngå i prosjekteringa.

4.5.4 Det kan oppførast informasjonsskilt for området. Skiltet skal plasserast slik at det ikkje er til hinder for trafikk, sikt eller parkering.

§5 GRØNSTRUKTUR

5.1. Turveg, GT

5.1.1 GT1 er eksisterande tursti. Denne kan oppgraderast og vedlikehaldast.-Maks breidde 1 meter.

5.1.2 GT2 og GT3 er ny tursti. Denne skal i hovudsak ligge slik som syna på plankart og skal opparbeidast som sti med maks 1 meters breidde.

5.1.3 Turstiar kan opparbeidast/oppgraderast ved enkel utjamning av terreng ved flytting av steinar og vegetasjon, og tetting av holer. Våte parti bør unngåast. Dersom nødvendig kan sti masseutskiftast eller få fast dekke, evt. klopper i materiale tilpassa naturlandskape. Prinsipp og føringar gitt i veiledar Håndbok 27-2006, *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*, Direktoratet for Naturforvaltning og *Tilrettelegging av turveier, løyper og stier*, 2008, Kultur- og kirkedepartementet skal følgjast. I arbeid med omlegging av sti skal det takast særleg omsyn til landskap og vegetasjon i området.

5.1.4 Detaljplan for opparbeiding av sti skal leggjast fram for plan- og bygningsmynde for uttale før arbeid kan påbegynnast.

§6 LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSLIVFORMÅL (REINDRIFT)

6.1 Landbruks-, natur- og friluftsmål, LNF1-2

- 6.1.1 Område LNF1-2 omfattar eksisterande areal for landbruk. Det er ikkje lov å etablere landbruksbygg innanfor området.
- 6.1.2 Steingardar i området skal takast vare på.

6.3 LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål, F/LNF, F/VF/LNF

- 6.3.1 Område F/LNF er friluftsområde kombinert med LNF-formål. I område kan det tillatast enkel tilrettelegging for friluftsliv, som til dømes turstiar eller andre mindre tiltak som fremmar friluftslivet. Det er ikkje lov med installasjonar/tiltak som hindrar ålmenta sin tilgang til areala, eller som kan vere i konflikt med freda kulturminne i området. Steingardar i området skal takast vare på.

6.3.2 Område F/VF/LNF er friluftsområde kombinert med LNF-formål. I område kan det tilretteleggast for etablering av Via Ferrata anlegg med tilhøyrande turstiar. VF-anlegg skal utformast med omsyn til området som naturområde. Bruk av trapper og bruer bør kun nyttast der dette er naudsynt. For etablering av VF-anlegg må det sikrast mot skredfare, slik at område for VF tilfredsstiller krav til tryggleiksklasse S1. I arbeid med etablering av VF-anlegg skal det utførast reinsking av lause blokker, samt vurderast evt. behov for fjellsikring jft. utarbeidd Rapport og Notat frå SCS, datert 2016, 2017 og 2018, rapport frå Vertikal Service, datert 2016. Tryggingstiltak skal vurderast og utførast av fagkunnige. Ved behov for fjellsikringstiltak skal dette og prosjekterast av fagkunnige

- 6.3.2 Det er ikkje lov å etablere installasjonar/tiltak som kan vere i konflikt med freda kulturminne i området.

§7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag, BSV

- 7.1.1 Område BSV omfattar sjøareal langs strandsone der areal skal kunne nyttast som fleirbruksområde i sjø for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske.
- 7.1.2 Det kan etablerast ei flytebrygge/mindre kaianlegg med maks. 10 m utstrekning innanfor område.
- 7.1.3 Ved tiltak i sjø skal det føreligge naudsynt løyve etter hamne- og farvasslova.

§8 OMSYNSSONER

8.1 Sikringsone – Frisikt – H140

- 8.1.1 Arealet er i planen kombinert med andre føremål. Innan området skal eventuelle sikthinder ikkje vere høgare enn 0,5 m over vegplanet på tilstøytande veg. Enkeltstående tre, stolpar og liknande kan stå i sikttrekanten. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

8.2 Faresone – Rasfare – H310

- 8.2.1 Det skal sikrast tilstrekkeleg tryggleik mot alle typar skred, i samsvar med Teknisk forskrift.
- 8.2.2 Område H310_0 er omsynssone for skred, der årleg nominelle sannsyn for skred er større enn 1/100. Innanfor H310_0 vil det ikkje vere lov å oppføre byggverk (S1, S2 og S3) med mindre det vert gjennomført sikringstiltak som gjev tilstrekkeleg tryggleik (§ 7-3 i TEK17). Sikringstiltak må prosjekterast av fagkunnige. Mindre tiltak for tilrettelegging av sti er tillate.
- 8.2.3 Område H310_1 er omsynssone for skred, der årleg nominelle sannsyn for skred er større enn 1/1000. Innanfor H310_1 kan det oppførast byggverk med krav til tryggleiksklasse S1. Det vil ikkje vere lov å oppføre byggverk med krav til tryggleiksklasse S2 og S3, med mindre det vert gjennomført sikringstiltak som gjer tilstrekkeleg tryggleik (§ 7-3 i TEK17). Sikringstiltak må prosjekterast av fagkunnige.
- 8.2.4 Område H310_2 er omsynssone for skred, der årleg nominelle sannsyn for skred er større eller lik 1/5000. Innanfor H310_2 kan det oppførast byggverk med krav til tryggleiksklasse S1 og S2. Det vil ikkje vere lov å oppføre byggverk med krav til tryggleiksklasse S3, med mindre det vert gjennomført sikringstiltak som gjer tilstrekkeleg tryggleik (§ 7-3 i TEK17). Sikringstiltak må prosjekterast av fagkunnige.
- 8.2.5 Område H310_A er aktsomhetsområde for skred (Snøskred og steinsprang, NGI).

8.3 Faresone – Flaumfare – H320

8.3.1

Område H320 er omsynssone for flaum. Det er ikkje tillate å oppføre byggverk i tiltaksklasse F2 og F3. Byggverk eller tiltak som tilsvarar tryggleiksklasse F1 må etablerast på kote + 3 m (NN2000) eller høgare. Dersom byggverk eller tiltak vert etablert lågare enn kote +3 må desse dimensjonast for å tole høg vasstand og bølgepåverknad.

8.4 Bevaring – kulturmiljø – H570

8.4.1

I område H570_0 skal heile bygningsmiljøet med tilhøyrande steingardar innanfor omsynsonsona bevarast, og kan setjast i stand, slik at dei får ein opplevingsverdi. Det kan setjast opp skilt som fortel om historia i området. Det er ikkje lov med tiltak som øydelegg, eller redusera verdien. Ved restaurering og/eller reparasjon skal det vere tett dialog med kulturmynde, der planlagde tiltak skal godkjennast før iverksetting av tiltak. Det opphavelige og karakteristiske uttrykket med omsyn til utforming, materialbruk, farger og utføring skal bevarast.

8.4.2

Vegutbetringstiltak som rårer sikringssoner til automatisk freda kulturminne innanfor #1(162659), #2(162696), #3(64044), #4(35733), #5(162660), #6(45786), #7(16119), #8(64041), #9(241400), #10(241398), og #11(162666), kan gjennomførast utan vilkår jfr §2.33, 4.1, 4.2 og 4.4.

8.5 Bandlegging etter lov om kulturminne – H730

8.5.1

I områda H730 finnes automatisk freda kulturminne bandlagt etter kulturminnelova. Eksisterande sti i området skal leggest om jfr. 2.13.1 og 5.1.

8.5.2

Det er ikkje tillate å sette i gang tiltak som er eigna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.

8.5.3

Det er ikkje tillat å køyre med tunge køyretøy, lagre anleggsutstyr eller byggematerial innanfor bandleggingssone H730. I anleggsperiode skal det gjerdes inn med midlertidig gjerde dersom naudsynt.

8.5.4

Inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på automatisk freda kulturminne innanfor bandleggingssone H730 er ikkje tillat utan dispensasjon frå kulturminnelova.